
Saknr: 2020/36383-2
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Finansforvaltninga i 2019 - Hordaland fylkeskommune

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek rapporten om finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune i 2019 til orientering.

Samandrag

I saka vert det gjeve oversyn over fylkeskommunen si lånegjeld, vurdert opp mot krava i finansreglementet. Vidare finn ein oversyn over bankinnskot og omtale av renteinntekter og -utgifter.

Fylkeskommunen si lånegjeld auka med 577 mill. kr i 2019 og utgjer 11 302,3 mill. kr. Netto gjeldsgrad er 110,3 % av inntektene. Renta er bunden på 55,3 % av låneporteføljen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
Fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen rapporterer til fylkestinget om finansforvaltninga etter kvart tertial. Etter utgangen av året vert det lagt fram ein rapport for som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, med heimel i Finansreglement for Hordaland fylkeskommune, pkt. 7.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Finansforvaltninga er viktig for fylkeskommunen sin økonomi. I denne saka vert det berre orientert om det som har skjedd i 2019. Ingen nye tiltak.

Klima: Ikkje aktuelt

Folkehelse: Ikkje aktuelt

Regional planstrategi: Ikkje aktuelt

Lånegjeld

Følgjande oversyn viser korleis gjelda har utvikla seg i 2019:

(Beløp i tabellane oppgitt i kr 1 000)

Lånesaldo 1. januar	10 725 300
Nye låneopptak i 2019	1 200 000
- Avdrag	621 000
-Avdrag ført i investeringsrekn. *	2 000
Lånesaldo 31. desember	11 302 300


* Motteke avdrag på utlån er nytta til å nedbetale fylkeskommunen sitt innlån.

Pr. 31.12.2019 består fylkeskommunen sin låneportefølje av 29 lån på vel 11,3 milliardar kr. Gjelda har auka med 577 mill. kr i 2019.

Eit viktig nøkkeltal er å sjå gjelda i høve til inntekter. Netto gjeldsgrad var 110,3 % ved utgangen av 2019, mot 109,4 % ved førre årsskifte.

Låna fordeler seg slik på långjevarar:

	Tal lån	Beløp	Andel
Sertifikatlån	7	2 795 000	24,7 %
Obligasjonslån	11	4 765 000	42,2 %
Kommunalbanken/KLP	11	3 742 300	33,1 %
Totalt	29	11 302 300	100,0 %



Sertifikatlån og obligasjonslån er lån direkte i marknaden, der bankane opptre som mellommenn. Sertifikatlån har løpetid på inntil 1 år, medan obligasjonslån har løpetid på over 1 år.

Forvaltning av gjeldsporteføljen

I finansreglementet er det sagt at "Låneporteføljen skal vera diversifisert med omsyn til løpetid og rentebinding." Det er vidare bestemt at "halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variere mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje."

Tabellen nedanfor gjev oversyn over fordelinga mellom fast og flytande rente. Ein har sett grensa ved 1 år, slik at berre lån som har meir enn 1 år igjen av bindingstida er definerte som fastrentelån.

	31. des. 2018		31. des. 2019	
	Lånesaldo	Andel	Lånesaldo	Andel
Lån med fast rente	5 540 000	51,7 %	6 245 000	55,3 %
Lån med flytande rente	5 185 300	48,3 %	5 057 300	44,7 %
Totale lån	10 725 300	100,0 %	11 302 300	100,0 %

Av tabellen går det fram at 55,3 % av gjelda har fast rente.

13 lån på til saman 5 585 mill. kr er tekne opp med fast rente. I tillegg har ein inngått rentebyteavtalar¹, som sikrar renta for lån som er tekne opp med flytande rente.


Gjennomsnittleg rentesats for heile låneporteføljen var 2,23 % pr. 31. desember. Dette er 0,06 % høgare enn ved førre årsskifte.

Renteregulering

Gjennomsnittleg bindingstid på renta skal i følgje reglementet vere minimum 1 år og maksimum 4 år. Ved årsskiftet var gjennomsnittleg rentebindingstid 2,0 år.

¹ Ved å nytte rentebyteavtalar kan ein endre samansetjinga mellom fast og flytande rente på låneportefølgen, utan å endre vilkåra for dei einiskilde låna. Om ein t.d. har eit lån på 300 mill. kr med flytande rente, kan ein inngå avtale med ein bank om å motta flytande rente av 300 mill. kr og betale fast rente av same beløpet. Fylkeskommunen vil etter dette både betale og motta flytande rente av 300 mill. kr, og endar opp med netto å betale fast rente av lånesummen.


Grafen på neste side viser kor stor del av låneporteføljen som har renteregulering kvart år. 44,7 % av porteføljen vil få regulert renta i løpet av 2020. I løpet av dei 3 næraste åra vil 68,9 % av dagens låneportefølje få fastsett ny rente.



Løpetid

For å redusere refinansieringsrisikoen, skal låneporteføljen vere diversifisert med omsyn til løpetid. Einskildlån skal aldri utgjere meir enn 10 % av den samla gjeldsporteføljen.

Grafen nedanfor gjev oversyn over kor stor del av låneporteføljen som må refinansierast kvart år.



Hordaland fylkeskommune hadde ved årsskiftet 3 sertifikatlån med 3 månaders løpetid, 2 på 11 månader og 2 på 12 månader. For 2 av sertifikatlåna har ein inngått «rulleringsavtale» med DNB. Dvs. at banken har teke på seg å fornye låna ved kvart forfall, vanlegvis over ein periode på 3 år. I denne perioden kan ein vere rimeleg trygg på at låna vil bli refinansierte.

Obligasjonslåna har løpetider på 3 - 10 år. Kommunalbanklåna har løpetider på 10 år eller meir. Eit måltal på løpetid er gjennomsnittleg kapitalbinding, som no er 4,9 år. Det vil seie at det i gjennomsnitt tek 4,9 år før låna i porteføljen må refinansierast.

I tabellen nedanfor er ein spesifikasjon av alle lån som har forfall i 2020:

Dato	Lånetype	Beløp	Kommentar
30.01.2020	Sertifikat 30.10.2019 - 30.01.2020	345 000	Rulleringsavtale
24.02.2020	KBN sertifikatvilkår 22.11.2019 - 24.02.2020	470 000	
24.02.2020	Sertifikat 22.11.2019 - 24.02.2020	340 000	Rulleringsavtale
13.03.2020	Sertifikat 15.03.2019 - 13.03.2020	390 000	
05.06.2020	KBN sertifikatvilkår 07.06.2019 - 05.06.2020	500 000	
27.08.2020	Obligasjonslån 2015/2020	300 000	
25.09.2020	Sertifikat 25.10.2019 - 25.09.2020	350 000	
19.10.2020	Sertifikat 18.11.2019 - 19.10.2020	400 000	
Total		3 095 000	

Det er berre eitt av dei langsiktige låna som skal refinansierast i 2020.

Likvidar

Ein kan gje følgjande oversyn over innskot pr. 31. desember:

	2018	2019
Pengemarknadsfond	128 603	0
Ordinære bankinnskot	650 569	1 477 267
Skattetreksmidlar	117 622	133 495
Bankinnskot "øyremerkte" midlar	483 461	408 863
Sum innskot og plasseringar	1 380 256	2 019 625
Kassabeholdningar	23 748	22 164
Sum likvide midlar	1 404 004	2 041 789

Pr. 31. desember hadde fylkeskommunen i overkant av 2 mrd. kr i likvide midlar. Dette er ein auke på 638 mill. kr sidan førre årsskifte.

Renteinntekter og –utgifter

	Rekn. 2018	Rekn. 2019	Bud. 2019
Gebyr, kursdifferansar, morarenter	2 247	4 824	0
Renter på lån	182 547	205 532	241 700
Rentebytteavtalar (netto)	44 107	29 165	0
Sum utgifter	228 901	239 520	241 700
Rentekompensasjon	27 841	27 183	27 500
Renter av bankinnskot og fond	17 782	28 837	15 400
Renter av utlån m.m.	7 290	8 045	0
Utbytte	0	40	0
Sum inntekter	52 912	64 105	42 900
Netto renteutgifter	175 989	175 415	198 800
Renteinnt. på spelemidlar/regionalmidl. etc.	8 384	8 651	3 200

Brutto renteutgifter var 239,5 mill. kr i 2019, ein auke på 10,6 mill. kr i høve til 2018.

Renteinntekter og rentekompensasjon utgjorde 64,1 mill. kr, ein auke på 11,2 mill. kr. Netto renteutgifter gjekk ned med 0,6 mill. kr og syner ei innsparing på 23,4 mill. kr i høve til budsjettet. Innsparinga er i det alt vesentlege på inntektssida. Fylkeskommunen har hatt betre likviditet gjennom året enn forventa.

For nokre tilskotsordningar innan kultur og regional utvikling vert mottekne midlar plasserte på egne bankkonti, og renteinntektene vert tilført dei aktuelle føremåla. Renteinntekta på desse kontoane utgjorde nær 8,65 mill. kr.

Renterisiko

Eit viktig spørsmål er korleis fylkeskommunen sine netto renteutgifter vil endre seg ved endringar i rentenivået.

Med dei låna ein hadde ved årsskiftet, vil ein renteauke på 1% medføre auke i renteutgifter på 36,3 mill. kr første året (i 2020). Renter av bankinnskott og utlån og rentekompensasjon vil auke med om lag 35,8 mill. Ein ser at første året vil endringar i rentenivået nesten ikkje gje noko utslag på netto renteutgifter.

<u>Verknad av renteauke 1 prosentpoeng</u>	<u>Mill. kr</u>
Renteutgifter	36,3
Renteinntekter og rentekompensasjon	-35,8
<u>Netto</u>	<u>0,5</u>

Konklusjon

Det er ikkje avdekka nokon avvik frå finansreglementet i 2019.